

Kulturplan for Surnadal 2021 - 2025 (Under utarbeiding)



Om kulturplanen

Gjeldande kulturplan (2017 – 2020) vart vedteke av Surnadal kommunestyre 09.11.17, den omhandlar seks temaområde: Barn og unge, Kulturskolen, Frivillig satsing, Bibliotek, Kino og kulturhus, Museum. I kommunal planstrategi vedteke av kommunestyret 14.05.2020 er det lagt opp til ein lettare revisjon av planen i 2021.

I formannskapssak 10/21 står det mellom anna:

«Planen må reviderast med omsyn til kva som er gjennomført i siste planperiode. Vidare vil det vere viktig å revidere planen med omsyn til nye ønske og behov».

Behandling i Formannskapet – 26.01.2021

Formannskapet sitt vedtak:

- *Surnadal kommune startar arbeidet med å revidere gjeldande Kulturplan.*
- *Det blir nedsett ei politisk/administrativ arbeidsgruppe med ein politikar frå formannskapet og to medlemmar frå administrasjonen; kommunalsjef Karin Halle, einingsleiar kultur Lilli Husby*
- *Politisk leiar i arbeidsgruppa: Ordførar Margrethe Svinvik.*

Det er gjort eit par endringar i den nye planen (2021 – 2025). Det eine er vurdering av planområdet opp mot FN sine berekraftsmål, sjå eige kapittel. I tillegg blir planen lagt ut heildigital, så den kan fungere som oppslag for innbyggjarane både med tanke på sjølve planinhaldet, men også koplinger mot andre planområde og med lenkjer til aktuelle tilskotsordningar lokalt/regionalt og nasjonalt. Dette for at planen skal fungere like bra eksternt som internt..

Kommuneplanen sin samfunnsdel 2021- 2025, har fleire grunnpilarar som kulturplanen byggjar vidare på:

- Motverke utanforskning og konsekvensar av sosiale ulikheiter, og fremme tilhørigkeit og samfunnsdeltaking
- Eit mangfaldig friluftsliv, kultur- og idrettstilbod og ei vital frivilligkeit
- Skape gode møteplassar

I tillegg har samfunnssdelen eit framtidsscenario som seier at i 2032 så har vi i Surnadal:

- innbyggjarar som har moglegheit til å lære, utvikle seg og til å skape eit trygt og meiningsfullt liv
- dreidd ressursinnsatsen mot helsefremjande og førebyggande arbeid

Mål for kulturområdet i Surnadal 2021 - 2025:

«Saman skal vi skape eit raust samfunn prega av mangfald, toleranse, livskraft og skaparkraft for den enkelte og kvarandre – der kulturlivet er ei drivkraft som fremmer folkehelse og motverkar utanforskning.»

Meld. St. 8 (2018–2019) Kulturens kraft — Kulturpolitikk for framtida:

«Samfunnsmål:

Eit levande demokrati der alle er frie til å ytre seg, og der mangfald, skaparkraft og kreativitet er høgt verdsett. Eit inkluderande samfunn der kunst og kultur av ypparste kvalitet inspirerer, samlar og lærer oss om oss sjølv og omverda.

Overordna kulturpolitiske mål:

- *Eit fritt og uavhengig kulturliv som skaper kunst- og kulturuttrykk av ypparste kvalitet*
- *fremjar danning og kritisk refleksjon*
- *tek vare på og formidlar kulturarv*
- *skaper og formidlar eit kulturtilbod som blir opplevd som relevant, og som representerer befolkninga*
- *er tilgjengeleg for alle og oppmuntrar den enkelte til å oppleve og delta i kulturaktivitetar*
- *tilbyr møteplassar og byggjer fellesskap*
- *fornyar seg og viser evne til omstilling*
- *har internasjonal gjennomslagskraft og fremjar interkulturell forståing*
- *styrkjer norsk språk, dei samiske språka, dei nasjonale minoritetsspråka og norsk teiknspråk som grunnleggjande kulturerarar»*

Desse ideane har forma visjonen til kultureininga i Surnadal:

"MED KULTUR FOR KULTUR"

Surnadalsdialekten

Surnadalsdialekten er eit immaterielt kulturminne, og eitt av dei mest særmerkte og verdifulle kulturminna vi har. Det er fleire grunnar til dette. Mellom anna har dialekten fleire restar etter norrønt språk enn dei fleste andre norske dialektar. Enno har vi for eksempel restar etter den gamle kasusen dativ. Dialekten har også mange spesielle språklydar, som gjer at mange utanfrå oppfattar talespråket vårt som særeige og eksotisk. Eitt eksempel er vokalen som verken er «a» eller «æ», men som vi brukar når vi uttalar orda «graut» og «smør».

Talemålet er viktig for personleg identitet. Det er eit uttrykk for kven vi er, kven vi ønskjer å vera og gjer oss til del av eit lokalt språkfellesskap.

Dialekten er i seg sjølv eit kulturuttrykk, men er også med på å forme, bevare og utvikle lokal kulturhistorie generelt.

Surnadalsdialekten har ein grammatisk struktur og ein måte å uttrykkje seg på som ligg nært opp mot nynorsk skriftspråk. Surnadal er i dag den nordlegaste nynorskkommunen i landet. Som for talemålet er skriftspråket viktig for både identitet og kulturhistorie.

Både talemål og skriftspråk er viktige reiskapar når vi skal gjera tankane våre høyrt. At vi kjenner tryggheit i eige språk er viktig for at vi skal tote å uttrykke oss i samfunnet- og dermed for eit levande demokrati på alle plan.

Å dyrke og verne om språket derfor av mange årsaker viktig.

Sist endret 16.04.2021 09.40

Digital innholdsstruktur

[Om planstruktur og plansamanheng](#) (s. 5 i pdf dokumentet)

[Berekraftsmåla og kulturplanen](#) (s. 8 i pdf dokumentet)

[Kulturlivet i Surnadal](#) (s. 10 i pdf dokumentet)

[Kapittel 1: Barn og unge](#) (s. 12 i pdf dokumentet)

[Kapittel 2: Kulturskole](#) (s. 15 i pdf dokumentet)

[Kapittel 3: Frivilligheita](#) (s. 18 i pdf dokumentet)

[Kapittel 4: Bibliotek](#) (s. 22 i pdf dokumentet)

[Kapittel 5: Kino og kulturhus](#) (s. 26 i pdf dokumentet)

[Kapittel 6: Museum og kulturminne](#) (s. 30 i pdf dokumentet)

Vedlegga er informasjonssider som vil bli oppdatert når det kjem ny informasjon, som t.d. nye Kleivaprissvinnarar

[Vedlegg; Kleivaprissvinnarar](#) (s. 35 i pdf dokumentet)

[Vedlegg; tilskotsordningar og kriterium](#) (s. 45 i pdf dokumentet)


[Vedlegg; Sjekkliste for ung kunst og kultur i Møre og Romsdal](#) (s. 49 i pdf dokumentet)

[Vedlegg; Samla rapport på tiltak frå siste planperiode](#) (s. 54 i pdf dokumentet)

Om planstruktur og plansamanheng



Hus til kultur i Surnadal



I det kommunale plansystemet er kulturplanen ein temaplan, illustrasjonen til venstre her er henta frå rettleiarene til miljøverndepartementet: [Kommunal planstrategi](#).

Vi finn kommuneplanen sin samfunnsdel som overordna plan og vi ser at temaplanene skal levere tiltak inn i økonomiplanene kvart år. Det er difor viktig å sjå kva som ligg i "[Samfunnsdelen \(PDF, 3 MB\)](#)" for å finne retninga på det ein ser på innanfor vårt temaområde, som er kultur.

Vidare må vi ta omsyn til [FN sine 17 berekraftsmål](#). Vurderingane som er gjort på det området finn de i kapittelet som vi har kalla: [Berekraftsmåla og kulturplanen](#).

Når det gjeld den nasjonale kulturpolitikken, så bør kommunen sjå litt på dei nasjonale og regionale satsingsområda. Vi har sett på [Meld. St. 8](#) (2018–2019) Kulturens kraft — Kulturpolitikk for framtida.

Vi har òg sett på planer og strategiar på fylkesnivå. I skrivande stund (april 2021) er ikkje den regionale planstategien for kultur ferdig behandla, men dokumentet er utsendt som eit utkast til m.a. kulturleiarane i kommunane så det har vore muleg å sjå på retninga i dokumentet og vi har henta nokre sitater derfrå. I tillegg har vi dokumentet [Sjekkliste for ung kunst og kultur](#) i Møre og Romsdal. Denne har vi med som eit vedlegg til planen.

Folkehelse

Folkehelseprofil (PDF, 2 MB) for Surnadal. Vi har stor grad av muskel og skjelettplager, og 9-åringane våre er ei utsett gruppe som har redusert fysisk aktivitet.

Anbefaling frå FHI:

Kommunen kan legge til rette for mer fysisk aktivitet: Bare tre av ti voksne oppfyller anbefalingene om fysisk aktivitet. Blant barn er situasjonen bedre, men aktiviteten synker raskt med alderen. Det finnes en rekke virkemidler for å stimulere befolkningen til å bevege seg mer i hverdagen.

Desse signala tek vi med oss vidare i planen og under "Kapittel 3: Frivilligheita" har vi ei rekke tiltak som går på å tilrettelegge for mosjon og fysisk aktivitet, det same finn vi og i "Kapittel 1: Barn og unge". Vi finn meir om mosjon og fysisk aktivitet i "[**Plan for Idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2018 - 2021**](#)"

Om kulturområdet henta frå samfunnsdelen

Frivilligkeit, idrett og kultur er viktige pilarar i Surnadalssamfunnet. Vi er i dag ein av dei kommunane i landet med flest registrerte i frivillige lag og organisasjonar per innbyggjar. Dette er takka vere stor innsats frå mange frivillige i heile kommunen. Vi har heile 93 lag og foreiningar registrert i Frivilligetsregisteret. Vi har mange flotte anlegg og hus i heile kommunen, både i kommunal og privat regi.

Idrett og kultur er viktige arenaer for integrering av tilflyttarar, same kvar dei kjem i frå, og alle er avhengige av å ha noko å leve for i tillegg til noko å leve av. Slik sett er det avgjerande for trivselen i Surnadal kommune at vi har eit høgt nivå av frivilligkeit, som skapar desse møteplassane og den kjensla av tilhørsle som frivilligkeit gjev.

Kommuneplanen sin samfunnsdel 2021- 2025, har fleire målsettingar som kulturplanen tek opp i seg:

- Motverke utanforskap og konsekvensar av sosiale ulikheiter, og fremme tilhørighet og samfunnsdeltaking
- Eit mangfoldig friluftsliv, kultur- og idrettstilbod og ei vital frivilligkeit
- Skape gode møteplassar
- Vi har innbyggjarar som har moglegheit til å lære, utvikle seg og til å skape eit trygt og meiningsfullt liv
- Vi har dreidd ressursinnsatsen mot helsefremjande og førebyggande arbeid
- Vi har ei aktiv frivilligkeit som deltek i samskaping av tenester.

- Vi har offentlege bygg, anlegg og uteområde som er universelt utforma.
- Vi har ei god samordning av bustad-, areal- og transportplanlegginga.
- Vi er landets beste kommune på medlemskap i frivillige lag og organisasjonar per innbyggjar.
- Vi har område der frivillige lag og organisasjonar får utvikle seg. Både inne og ute med hus og anlegg.
- Vi har eit kommunalt fond for utvikling av hus og anlegg til frivilligheita.

Strategiar – korleis kjem vi dit

- Surnadal kommune har mange gode arenaer for idrettsaktivitet som må vedlikehaldast og driftast på ein god måte. Arbeidet med å legge til rette for friluftslivet må halde fram. Andre ulike kunstformer og kulturvern vil det fortsatt vere viktig å støtte opp om. Barn og unge sine mulegheiter til idrett, kultur og medbestemmelse er viktig verdiar.
- Surnadal Kommune skal legge til rette areal for utvikling av idretts- og kulturanlegg. Frivillige lag og organisasjonar som tek kontakt med kommunen skal oppleve at det er lett og raskt å få svar på både spørsmål og søknadar. Kulturmidlane skal reviderast for å skape mest mogleg aktivitet i Surnadal kommune. Det skal lagast eit skriv med nyttig informasjon, kontaktpersonar og moglegheiter for å skaffe midlar som går ut til nye frivillige lag og organisasjonar.
- Med tverrfagleg organisering jobbar vi systematisk mot barnefattigdom og utanforskap, og vi styrker og samordnar det førebyggande arbeidet i heile kommunen.

Om kulturvern frå samfunnsdelen

I «Regional delplan for kulturminner og kulturmiljø av nasjonal og regional verdi» er kulturminne av slik verdi i Surnadal kommune lista opp. Kulturminne, kulturmiljø og kulturarv skal vektleggast i arealplanlegginga. Tilrettelegging og forvaltning av kulturarven er viktig for identitetsbygging, kultur, næringsutvikling og reiseliv. Eit viktig kunnskapsgrunnlag er regional delplan for kulturminne og den lokale kulturmiljøplanen.

Om rekreasjon og friluftsliv frå samfunnsdelen

For tema rekreasjon og friluftsliv bør kommunen ha som mål å sikre at tilretteleggingstiltak spelar på lag med naturen og ikkje imot. Kommunen skal legge til rette for eit friluftsliv som fremmar folkehelsa. Turstiar, turvegar, friluftsområde, badeplassar med meir skal tilretteleggast, gjerne i samarbeid med idrettslag, velforeiningar og andre.

Berekraftsmåla og kulturplanen



3 GOD HELSE OG LIVSKVALITET



Delmål 3; God helse og livskvalitet

Er eit mål vi ofte forbind med kulturområdet. Dette går direkte på det vi kallar folkehelse og som ofte blir knytt til friluftsliv og mosjon, men folkehelse er òg sosiale møteplassar, samhandling og muligkeit til å utøve sine interesser. Områda som fell inn under delmål 3, er: Barn og unge, kulturskolen, kunst og kulturformidling (kino og kulturhus), bibliotek, museum, kulturarv, frivillig verksemnd og arena for idrett og kultur.

4 GOD UTDANNING



Delmål 4; God utdanning

God utdanning er òg eit viktig sosialt mål, eit godt kulturgrunnlag er med på å styrke identitetsbygginga til den enkelte, noko som er viktig på områda barn og unge, kulturarv, bibliotek, museum og frivillig verksemnd. Heit direkte er det viktig å ha ein kulturskole med gode og allsidige tilbod.

11 BEREKRAFTIGE BYAR OG LOKALSAMFUNN



Delmål 11; Berekraftige byar og lokalsamfunn

Dette berekraftsmålet skal gjøre byar og tettstader inkluderande, trygge, robuste og berekraftige. På eit vis handlar dette om alt vi gjer i lokalsamfunnet - om vi kallar det kultur eller om vi kallar det sosialt fellesskap. Vi skal ta hensyn til kvarandre, og vi skal passe på at ingen fell uteom samfunnet. Dette dreier seg om alt frå vogge til grav, om samhandling og arenaer for å utøve våre sosiale liv.

10 MINDRE ULIKSKAP




Delmål 10; Mindre ulikskap

Dette er enda eit mål som heng saman med dei andre måla vi ser på i samband med kulturplanen. Sjølv om dette kan sjåast på som eit mål i den "økonomiske dimensjonen" så handlar det om å utlikne ulikheiter på eit sosialt nivå. Ei god hjelpe til å få til dette er å ha gode målsettingar i kulturplanen.



Delmål 14 og 15; Livet i havet og livet på land
Dette er viktige område når ein tenker på utbygging av idrettsanlegg, leikeområde, nærmiljøanlegg, kulturbygg og andre kulturarenaer. Men vi må også ta hensyn til desse måla når det gjeld store idretts- og kulturarrangement, til dømes med tanke på søppelhandtering, slitasje av natur etc.



Delmål 17; Samarbeid for å nå måla

Samarbeid er viktig for å nå måla. Den kommunale kulturpolitikken er ein del av den nasjonale kulturpolitikken i samarbeid med fylke og stat. Nettverksdeltaking i dei forskjellige bransjane innanfor kulturområdet er også viktig.

Kulturlivet i Surnadal



Kleivapublikum 2018, foto: I.husby

Surnadal kommune har rike tradisjonar innafor kulturlivet. I 2012 vart Surnadal "årets Kulturkommune" i Møre og Romsdal, året etter var vi for andre gong på under 10 år "årets Ungdomskommune" i fylket. Det er ikkje kommunen som er kulturen i Surnadal. Kommunen legg til rette for at det skal vere eit aktivt kulturliv, der mottoet til kultureininga er «Med kultur for kultur». Det er dei frivillige og dei profesjonelle som set Surnadal på kulturkartet.



Kleivaprisen Kleivaprisen har vorte delt ut sidan 1998. I statuttane til prisen står det mellom anna: "Forutan tildeling av midlar etter søknad, kan styret på eige initiativ gje stønad eller påskjønning til einskildpersonar som har gjort eller gjer ein innsats for kultur og bygdesoge på ulønt og frivillig basis".

Meir om kleivaprisvinnarane gjennom tidene, finn du [her](#).

Kulturlivet femnar om mange aktivitetar og uttrykksformer. Surnadal kommune har naturlege føresetnader for å bli ein leiande kommune innan friluftsliv og aktivitetar i tilknyting til det. Idrettslivet er mangfaldig med mange kommunale og ikkje-kommunale anlegg som er drive av offentlege og private aktørar.

Vi har ridehall, 9-hols golfbane, freesbeegolfbane, kunstgrasbanar og andre fotballbanar, alpinanlegg, skyttaranlegg, friidrettsanlegg, idrettshall, skianlegg, skileik, fjellgarden Vaulen som ligg i eit nasjonalt sikra friluftsområde, Kalkstranda og fleire andre badeplassar, padleområde osv.

Frivillige lag har lagt ned eit stort arbeid på å digitalisere kyrkjebøker, kartlegge dialekten, sette i stand bygningar, registrere krigsminne m.m. Dette arbeidet for å ta vare på kulturarven er og gjort kjent gjennom historieskrift, bøker og utstillingar.

Surnadal folkebibliotek har ein viktig rolle i samfunnet som møteplass, formidlar, tilretteleggar av forskjellige aktivitetar og vertskap mellom anna for nye innbyggjarar. Dette er ei lovpålagt, gratis teneste for innbyggjarane som blir flittig brukar året rundt.

Oppvekstsentrana i kommunen er viktige aktørar i arbeidet med å formidle kulturelle ytringsformer for våre unge. Dei får sjølv i mange samanhengar høve til å delta i dramatiseringar, kor- og musikkframföringar, som t.d. «10. -klasseprosjektet» og «Give Me 5». Oppvekstsektoren er òg ein viktig aktør i formidlinga av lokalhistoria og kulturarven vår.

Kyrkja er ein viktig bidragsytar til kulturlivet i kommunen. Kyrkjebygningane er lokalhistorisk viktige. I lokal litteratur har kyrkja ein brei plass, og kyrkjebökene er gullgruver når det gjeld m.a. lokal historie og slektsgransking.

Kort oppsummert kan vi seie at kulturlivet har hatt ei rivande utvikling når det gjeld bygg og anlegg. Idretten, song, musikk og teaterlivet er sikra gode arenaer for aktivitet. Kulturvernarbeidet blir teke godt hand om; Surnadal kommune vedtok i desember 2020, **"Kulturmiljøplan for Surnadal 2021 - 2025"**. Med gode, naturlege føresetnader for eit rikhaldig friluftsliv, skulle mykje ligge til rette for at kommunen også framover skal kunne halde høg kulturell profil.

Kapittel 1: Barn og unge



Surnadal ungdomsklubb veggbilde

I kommuneplanen sin samfunnsdel er "Barn og unge sine oppvekstvilkår" eit av temaa, med dette målet:

Barn og unge skal sikrast eit trygt og godt oppvekstmiljø prega av omsorg, kunnskap og trivsel.

Denne planen omhandlar kultur- og fritidstilbodet til barn og unge. Vi har derfor plukka ut følgjande framtidvisjonar og delmål frå kommuneplanen:

- Vi har barn og unge som tør å skape og utforske
- Vi må utdanne heile menneske slik at dei meistrar i både medgang og motgang
- Vi har barn som opplever å ha god fysisk og psykisk helse
- Vi har inkluderande og trygge oppvekstmiljø med leike- og læringsarenaer som fremmar sosial kompetanse, meistring, tilhørighet og god helse
- Vi har eit mangfaldig friluftsliv, kultur- og idrettstilbod til barn og unge

Strategiar

- Etablere fleire sosiale møteplassar for samvær og uorganiserte aktivitetar for barn og unge. Vi har få møteplassar utandørs som samlar barn og unge uavhengig av nabolag/grend.
Eksempel:
 - Skøyteis
 - Snøskutertrase
 - Ballspelplassar/ volleyballbanar
 - Skaterampar
- Sette inn tiltak for at ungdom skal oppretthalde sin eigen aktivitet
 - Sette inn førebyggande tiltak for å hindre fråfall frå organisert fritidsaktivitet
- Styrke barn og unge sin medverknad og innflytelse i samfunnet.
- Samarbeide tverrfagleg for å førebygge vald, mobbing, kriminalitet, rus og rasisme.
- Legge til rette for at barn og unge skal få utvikle sine kunst- og kulturinteresser jfr "Vedlegg: Sjekkliste for ung kunst og kultur".

Relevans og representativitet

Barn og unge er to ulike målgrupper. Vi må ta til oss at barn og unge er minst like forskjellige som vaksne når det gjeld interesser, preferansar og behov.

Samfunnet utviklar seg også frå i stor grad å vere ein stor fellesskap, til å bli mange små. Menneske møtest i mindre grad enn før, og prosentandelen av unge som er ute med venner, går ned.

Mindre fysisk samvær intensiverer utviklinga i retning av små fellesskap og digitale «ekkokammer». Det er difor avgjerande at kultur - og fritidssektoren maktar å vere relevant for alle delar av befolkninga og dei ulike fellesskapa, og at kulturen representerer innbyggjarane.

Dette er ein føresetnad for å utløyse den samfunnsbyggande krafta som kulturen kan ha.

Status

- Surnadal kommune er ein god kommune å vekse opp i for barn og unge. Vi har eit mangearta tilbod innafor idrett og kulturliv, og gode mulegheiter for å nytte ein variert natur. Fritidstilbodet i kommunen er godt tilrettelagt, men det er få uformelle møteplassar og uorganiserte aktivitetar for barn og unge..
- Vi har mange nærmiljøanlegg som gir rom for uorganiserte aktivitetar, men særst i som samlar barn og unge frå heile kommunen. Det vi har å tilby per i dag, er for eksempel Kalkstranda, alpinbakken og kulturhuset.
- Aktivitetar for barn og unge er viktige folkehelsetiltak. Ungdomsklubb og frivilligsentral vart opna i mars 2020. Utstyrsentral gjer terskelen for å utøve friluftsaktivitetar lågare.

Mulegheiter og utfordringar

Samfunnsutviklinga gjer at det er viktig å legge opp til at barn og ungdom får tilstrekkeleg mosjon og gode mentale opplevingar. Dette gjeld både uorganiserte aktivitetar som organiserte. Breidddeidretten mistar mange når treningskrava blir større. Dette betyr at mange unge treng å bli stimulert til eigenaktivitet. Fysisk aktivitet i barne- og ungdomsåra kan bidra til å førebygge mange av livsstilssjukdommane, så godt førebyggingsarbeid i ung alder bidreg til å sikre ei god folkehelse.

Framover blir det ei utfordring at barnetalet i kommunen søkk. Stadig fleire aktivitetar kjempar om dei same barna og ungdommane. Dette gjer at det blir vanskeleg å få til aktivitet i reine årsklassar i idretten.

Samlingspunkt i grendene er fortsatt viktige, men når det blir færre unge i kvar grend, krev det at vi også legg til rette for uformelle samlingspunkt meir sentralt. Det er viktig å ha ein plass å vere saman med andre etter skuletid, før andre aktivitetar tek til, eller berre for å møtast.

Både haldning til og bruk av rusmidlar må påverkast slik at det samla sett vil føre til redusert bruk av rusmidlar blant ungdom. Det er viktig med eit godt samarbeid mellom det offentlege og frivillige lag og organisasjonar. Eit godt tverrfagleg samarbeid er òg viktig for at vi skal vere mange som kan "sjå" dei unge og vere med på å førebygge at nokon fell utom det sosialelivet.

Handlingsplan for planperioden 2021 - 2025

Tiltak	Ansvarleg	Når
Etablere skøyteis på Øye	Kommunen i samarbeid med frivilligheita og FAU SUS	2023
Bygge gapahuk og sette ut aktivitetsapparat på Kalkstranda	Kommunen med tiltaksmidlar frå statleg sikra friluftsområde i samarbeid med frivillig sektor	2023
Etablere skatepark i sentrum	Kommunen	2023
Etablere ungdomsbase på Frivilligsentralen	Kommunen og frivillige	2022
Utvikle UKM (Ung Kultur Møtes)	Kulturskulen og festivalar	2022
Etablere heimeside, Ung i Surnadal, der ein samlar alle tilbod for barn og unge i Surnadal	Kommunen	2021
Reetablere ei tverrfagleg gruppe for ungdomsarbeidet i kommunen	Kommunen	2021
Sette ned ei gruppe som ser på mulegheita for å få til ein snøskuterbane og/eller løype	Kommunen	2021
Arbeide for å få til eit område for bilkøyring og bilaktivitet	Kommunen i samarbeid med ungdomsrådet og andre bilinteresserte	2022

Rapport på tiltak frå handlingsplan for planperioden 2017 - 2020

Tiltak	Kva har skjedd i perioden
Etablere fleire sosiale møteplassar for samvær og uorganiserte aktivitetar for barn og unge. Særleg må ein ha fokus på uorganisert ungdom.	Friluftsliv, dans, UKM, ungdomsklubb opna. skipark, fleire skileikområde, stupetårn, venterom og garderobe ved dansesal
Gjennom eit aktivt ungdomsråd, lære ungdom å ta ansvar for å oppretthalde sin eigen aktivitet og styrke barn og unge sin identitet, medverknad og innflytelse i samfunnet.	<ul style="list-style-type: none"> • Ungdomsrådet har hatt faste møter i perioden • Ungdomsrådet har vore aktiv i opprettinga av fritidsklubb. • Auka politisk aktivitet ved etablering av nytt politisk ungdomsparti.

Kapittel 2: Kulturskole



Sommerdans 2013

Surnadal og Rindal kulturskole er ein interkommunal kulturskole for kommunane Rindal og Surnadal, der Surnadal er vertskommune.

Skolen har administrasjonslokale i det regionale kulturhuset på Skei i Surnadal. Undervisninga går føre seg der og rundt om på skolane i begge kommunane.

Kulturskolen er ein sentral del av det kunstfaglege og kulturelle tilbodet til barn og unge i kommunen. Det vart i 2017 vedteke ei lokal læreplan for kulturskulen. Den er basert på rammeplan for kulturskolen, "[**Mangfold og fordypning**](#)" og har si forankring i opplæringslova. Den er styrande for drift og utvikling i kulturskolen.

Regjeringa presenterte i mars 2021 [**Melding til Stortinget**](#) "Oppleve, skape, dele. Kunst og kultur for, med og av barn og unge"

Den vil vere retningsgivande for satsinga på kulturskole i åra som kjem. I 2019 kom Kunnskapsdepartementet med [**strategien**](#): "Skaperglede, engasjement og utforskertrang, Praktisk og estetisk innhold i barnehage, skole og lærerutdanning", som òg er eit viktig dokument for kulturskolen.

Samfunnsoppdraget for kulturskolen er forankra i Opplæringslova, paragraf § 13 -6:

«Alle kommunar skal aleine eller i samarbeid med andre kommunar ha eit musikk- og kulturskoletilbod til barn og unge, organisert i tilknyting til skoleverket og kulturlivet elles.» Noreg har òg plikter etter UNESCO-konvensjonane om barns rettar og om vern av immateriell kulturarv.

MÅL:

Skolen skal vere eit lokalt ressurscenter for kunst og kultur for alle.

Strategi

Kulturskulen skal **vidareutvikle** si rolle i lokalsamfunnet og vere ein aktiv samskapingsaktør som arbeider ut frå desse verdiområda:

- Attraktiv og relevant
- Inkluderande og mangfaldig
- Utviklende og skapande
- Betydningsfull og meistringsorientert

Status

Skolen har i 2021 vel 400 elevar i musikk, dans, visuelle kunstfag og drama/teater. Det er vel 6 årsverk fordelt på 11 lærarar, sekretær og rektor.

Skolen sel tenester til skolar, lag og foreiningar og prøver å delta i mange spennande aktivitetar og prosjekt i lag med både lokale og regionale aktørar, organisasjonar og institusjonar. Lærarane har kunstnarisk og pedagogisk utdanning.

Mulegheiter og utfordringar

Surnadal og Rindal kulturskole vil i tråd med rammeplanen tilby undervisning tilpassa breidde-, kjerne- og fordjupningselevar. Å arbeide med kulturskolen sine fag har ein eigenverdi som må ha forutsigbare og gode vilkår.

Kulturskolen vil også samarbeide med det øvrige kommunale tenestetilbodet og frivilligheita. Vi ønsker å delta i arbeidet med å skape ein god kommune å bu i, danne framtidas innbyggjarar og skape det gode liv.

Ei utfordring er å kunne tilpasse kompetansen i skolen til framtidas behov samtidig som vi tek vare på dei tradisjonane vi har. For å ha relevans innanfor alle fagområde og få tak i fagkompetanse må vi samarbeide med andre eininger som oppvekst, kultur, integrering og helse. Ved å vere ein interkommunal kulturskole har vi mulighet for å tilby noko større stillingsprosent, men med mange små deltidsstillingar er rekruttering likevel utfordrande.

Handlingsplan for planperioden 2021 – 2025

Tiltak

Sikre gode rammevilkår for å nå målet om kulturskole for alle i tråd med vedteke læreplanverk og føringar i Melding til Stortinget 2021 «Oppleve, skape , dele. Kunst og kultur for, med og av barn og unge»

Vi vil bidra til ei styrking av estetiske fag i grunnopplæringa på dei områda vi har kompetanse på, i tråd med gjeldande nasjonale føringar i regjeringa sin strategi: Skaperglede, engasjement og utforskertrang. Praktisk og estetisk innhold i barnehage, skole og lærerutdanning (Kunnskapsdepartementet, 2019).

Tiltak

Surnadal kommune må arbeide for gode etter- og vidareutdanningstilbod for kulturskolepersonalet. Dette er viktig for å møte framtidas krav og ønske om fornying og utvida arbeidsfelt på tvers av sektorane. Dette i samarbeid med Norsk Kulturskoleråd, fagnettverk i regionen og kompetanse for kvalitet.

Innføre nye tilbod i bredde, kjerne og fordjupning for å gi eit betre tilbod til fleire brukarar. F.eks «kulturkarusell» for dei minste barna – dvs dei får prøve seg eit år eller to på ein meny av ulike instrument og aktivitetar før dei melder seg på eit fast instrument eller aktivitet. Kortare verkstad/kurs for ungdom og vaksne.

Rapport på tiltak frå handlingsplan for planperioden 2017 – 2020

Handlingsprogram	Kva har skjedd i perioden
Surnadal vil arbeide for at kulturskolen på Indre Nordmøre skal bestå som eit interkommunalt tilbod òg etter at kommunereformen er ferdig.	Etter kommunereformen har framleis Surnadal og Rindal eit interkommunalt samarbeid om kulturskolen. Med mindre elevgrunnlag, og reduserte lærarstillingar er fagtilbodet meir usikkert.
Surnadal kommune skal behandle rammeplan for kulturskolen i kvar valperiode.	Rammeplanen vart behandla i kommunestyret i 2017.
Kommunen skal legge til rette for at spesielt barn og unge skal få utvikle sine kulturinteresser, òg gjennom kulturskolen. Tilboden skal vere i tråd med nasjonale planer og anbefalinger, rammeplan for kulturskole og lokal læreplan	Samarbeid med SUS- (10) 9.klasseprosjekt. Gitargrupper i Rindal skole. Dramatilbod i SFO. Samarbeid med integreringstenesta med tilbud til barn, unge vaksne og vaksne.

Kapittel 3: Frivilligheita



«Frivilligheten er en stor og selvstendig del av vårt samfunn som gir en merverdi til den som bidrar og til samfunnet som helhet. Å være frivillig gir kompetanse, erfaring, sosial tilhørighet og mestring til enkeltmennesket. Samtidig skaper frivilligheten fellesskap, den bidrar til en bedre hverdag for mange mennesker, og den bidrar til samfunnsutviklingen gjennom å utfordre og sette dagsorden...»

...Velferdssamfunnet slik vi kjenner det i dag ville ikke sett slik ut om ikke frivillige organisasjoner hadde hatt mot og kraft til å ta i uløste oppgaver.» (Frivilligerklæringa 01.06.2015, regjeringa)

Status

Det er mange frivillige organisasjoner i Surnadal kommune. Om ein reknar med dei som arbeidar for andre oppgåver enn innafor kulturlivet, (som t.d. sosiale og religiøse føremål), er det om lag 140 registrerte frivillige organisasjoner. Det ligg ikkje føre oversikt over kor mange som er engasjert i desse organisasjonane, men det er rekna med at frivillig innsats i tal årsverk utgjer om lag 5-6% av innbyggartartalet i ein kommune. Det vil seie at med om lag 5900 innbyggjarar vil det for Surnadal sin del utgjere minst 295 årsverk. Dersom ein reknar ut i frå at eit årsverk er på kr 300 000, vil det seie at det blir utført eit frivillig arbeid for minst 88,5 mill. kroner i Surnadal kvart år.

Desse årsverka blir m.a. bruka til festivalar, idretts og kulturarrangement, etablering og drift av kultur og idrettsanlegg, bygdebok- og anna lokalhistorisk aktivitet, beredskapsarbeid og i andre frivillige organisasjoner.

Kommunen starta opp Frivilligsentral samlokalisert med Ungdomsklubb i 2020.

Frivillige organisasjoner har motteke 10 114 000,- kroner gjennom spelemidlar, drifts- og prosjektstøtte frå kommunen den siste planperioden. Av dei er 6,4 millionar tilskot kome gjennom spelemiddelordninga, tilskot frå fylket er ikkje rekna inn i denne oversikta, den går direkte til søkeren og ikkje gjennom kommunen.

Du finn meir om frivilligområdet i "[Plan for Idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet](#)"

Mulegheiter og utfordringar

Kultur er viktig både for det einskilde menneske og for samfunnet som heilskap. Ikkje minst har det i dei seinare åra vore stor fokus på kulturen si rolle for å styrke folkehelsa både gjennom fysiske aktivitetar og reint mentalt gjennom kulturelle opplevelingar.

Frivillig engasjement er ein viktig og avgjerande berebjelke for kulturlivet. For at dei frivillige lag og organisasjoner skal kunne skape aktivitet, bør dei få vilkår for å kunne gjere det. Surnadal kommune har naturlege føresetnader til å bli ein leiande kommune innan friluftsliv og av aktivitetar i tilknyting til det. Ei viktig oppgåve framover blir å synleggjere dette tilbodet gjennom skilting og marknadsføring.

Mål:

Eit mangfaldig friluftsliv, kultur- og idrettstilbod og ei vital frivilligkeit

Strategi

I kommuneplanen sin samfunnsdel finn vi følgjande strategiar knytt til dette temaet:

- Surnadal kommune har mange gode arenaer for idrettsaktivitet som må vedlikehaldast og driftast på ein god måte. Arbeidet med å legge til rette for friluftslivet må halde fram. Andre ulike kunstformer og kulturvern vil det fortsatt vere viktig å støtte opp om. Barn og unge sine mulegheiter til idrett, kultur og medbestemmelse er viktig verdiar.
- Surnadal kommune skal i samarbeid med ulike aktørar arbeide for å motverke utanforskaps- og konsekvensar av sosiale ulikheiter, og fremme tilhørighet og samfunnsdeltaking.
- Ressursinnsatsen dreies mot helsefremmande og førebyggande arbeid.
- Skape gode møteplassar.

Handlingsplan for planperioden 2021 - 2025

Tiltak

Opprette ordning med stifadrar

Skape aktivitet i frivilligsentralen

Ivareta ønske og initiativ til frivillig aktivitet.

Legge til rette for aktivitet som skaper tilhørighet, f. eks kurs eller aktivitet.

Leige ut lokaler til frivillige

Utvikle Stikk UT! vidare i samarbeid med friluftsrådet og frivillige.

Utvikle friluftslivet som ikkje blir omfatta av Stikk UT!, m.a. merke kulturstiar og noko meir krevjande turar.

Fortsette å utvikle samarbeidet med frivillige i prosjekt, som bygdebokprosjektet og Kavlvegprosjektet.

Støtte frivillige lag og organisasjoner gjennom kommunale tilskuddsordningar, og tilbod om rettleiing ved søking av ikkje-kommunale midlar.

Tiltak

Frivilligplan for Surnadal kommune

Betre parkeringsforholda ved enkelte friluftsområder

Få merka/etablert ein sti som knyter sentrum i Surnadal opp mot stinettet i Trollheimen

Rapport på tiltak frå handlingsplan for planperioden 2017 - 2020



343

Besøk

10,4

km tur/retur

Løålikjølen, Stikk UT! SkiStikk UT!

Tiltak	Kva har skjedd i perioden
Fortsette satsinga på Stikk UT! og utvikle fleire aktivitetstiltak saman med Friluftsrådet	I perioden 2017-2020 er 16 nye sommarturar skilta som Stikk UT!-turar i Surnadal kommune. Vinteren 2016/2017 vart det starta opp med Stikk UT! ski. I løpet av planperioden har vi etter kvart fått sju Stikk UT!-skipostar: 3 på Nordmarka, 2 med utgangspunkt i Vang, 1 i Todalen og 1 i Øvre Surnadal. Arrangement i løpet av planperioden er mellom anna «tur med ordføraren», «Gapahukens dag» i Kvenndalen i samarbeid med Eidet vel Surnadal frivilligsentral opna 10.3.2020, to dagar før koronanedstenginga. Vi har hatt ungdomsklubb, språkkafè ol arrangement. Lokala har vore uteignt til Dagsenteret frå måndag til og med onsdag kvar veke frå hausten 2020. Trimgruppa i Todalen i.l. har i 2020 lagt ut beskrivelsar av 10 turar i
Etablere ein frivilligsentral i eit «allhus» der ein har frivilligsentral, ungdomsbase, fritidsklubb og ungdomskafé	
Fokus på merking av turstiar i nærområda	

Tiltak	Kva har skjedd i perioden
	bygda på morotur.no og slik gjort dei kjente også utafor bygda. Ei turstigruppe på Årnes/Hamnes har skilta og merka ei rekke ulike turstiar på Årnes, i Torvika og innover mot Bøverfjorden. Arbeidet pågår enda. Plana er også å laga eit kart over desse turstiane. Tidlegare har IL Søya, Bøfjorden- og Bæverfjorden IL øg arbeidd med merking av turstiar i nærområda sine.
Oppretthalde og vidareutvikle eit aktivt kulturliv, gjennom mellom anna å synleggjere og styrke samhandlinga mellom frivillig sektor og kommunen.	Etablering av frivilligsentralen, utlån av lokale til møte o.l. både der og på biblioteket. Samarbeid med frivillige har stor fokus på kultureininga og skjer på alle avdelingane og prosjekta vår.
Ha forutseielege verkemiddel som tilskotsordningar og gi rettleiing ved søking av midllar utover kommunen.	Det blir gitt rettleiing på tilskotsøknader. Frivillige lag og organisasjonar har i planperioden fått tilført omlag 10,1 millioner gjennom ordningar som spelemiddlar, kommunale kulturmidlar og tilskot.
Det må derfor utviklast ein meir offensiv og medviten frivilligpolitikk, der samspelet mellom kommunal sektor, næringslivet og frivillige organisasjonar er sett i fokus.	Her har vi moglegheiten til å nytte det kommunale planarbeidet, slik som denne planen, men øg planar som kulturmiljøplanen og den nye næringsplanen. Vi ser òg at det er behov for å sette fokus på frivillig arbeid inn mot tiltak som ligg i omsorgsplanen. Dette punktet bør kanskje vidareførast og omformulerast til at Surnadal kommune i denne planperioden bør utarbeide ein egen Frivilligplan.
Utvikle ein App, med fokus på alt av friluftsliv i Surnadal kommune.	Ikkje gjennomført. Vi bør fortsette å jobbe mot dette målet (gjerne i samarbeid med private aktørar)

Kapittel 4: Bibliotek



"Bibliotekloven forplikter alle kommuner å ha et folkebibliotek, og opplæringsloven forplikter alle grunnskoler å ha et skolebibliotek" (Kulturdep., 1985 og Kunnskapsdep., 1998).

Lov om folkebibliotek beskriv målsettinga for bibliotekdrift, og ordlyden vart endra med verknad frå 01.01.2014:

"Folkebibliotekene skal ha til oppgave å fremme opplysning, utdanning og annen kulturell virksomhet, gjennom aktiv formidling og ved å stille bøker og andre medier gratis til disposisjon for alle som bor i landet. Folkebibliotekene skal være en uavhengig møteplass og arena for offentlig samtale og debatt. Det enkelte bibliotek skal i sine tilbud til barn og voksne legge vekt på kvalitet, allsidighet og aktualitet. Bibliotekenes innhold og tjenester skal gjøres kjent. Folkebibliotekene er ledd i et nasjonalt biblioteksysten".

Gratisprinsippet vart vidareført i den nye lova, og skal sikre gode biblioteknester og gi gratis tilgang til å låne bøker og andre medier til alle som bor i landet Dette gjeld òg personar utan fast oppholdstillatelse,

Nasjonal bibliotekstrategi 2020-2024:

Regjeringa skrive bl.a. i strategien at «*det er et mål at «bibliotekene skal nå nye brukere med litteratur og lesing, legge til rette for kunnskapsformidling og at bibliotekenes digitale samlinger skal økes. Den vil gjennom strategiske grep bidra til at bibliotekene og bibliotekarene skal nå frem til flere, også de som ikke selv oppsøker biblioteklokalet».*

I "Kommuneplan for Surnadal 2020-2032", samfunnsdelen, finn vi bl.a. desse punkta over korleis vi vil ha det i 2032:

- Vi har innbyggjarar som har mulegheit til å lære og utvikle seg, og til å skape eit trygt og meiningsfullt liv
- Vi har gode møteplassar
- Vi har område der frivillige lag og organisasjonar får utvikle seg

Mål for Surnadal folkebibliotek:

Å vera eit bibliotek med god tilgang på fysisk og digitalt materiale, og ein inspirerande møteplass for alle, og med aktivitetar og arrangement som engasjerer vaksne, barn og unge.

Strategiar

- Auka satsing på digitalt materiale
- Vi vil ha eit auka samarbeid med andre bibliotek og med frivillige lag og organisasjonar
- Biblioteket vil utvide den digitale samlinga si med e-bøker og e-lydbøker
- Aktiv bruk av heimeside og sosiale media for å profilere biblioteket
- Biblioteket tilbyr lån av lokala til organisasjoner og andre som vil bruke lokalene til formidling, debatt og anna utadretta verksemnd
- Biblioteket vil samarbeide med frivillige lag og organisasjonar om arrangement
- Samarbeide med de andre biblioteka på Nordmøre om arrangement og bibliotekutvikling

Status

Surnadal folkebibliotek består i dag av biblioteket på Skei. Biblioteket er det mest besøkte og brukte kulturtilbodet i kommunen. Utlån og besøk ved biblioteket har følgt utviklinga i resten av landet, over 21 % av utlånet er andre media enn bøker.

Tal henta frå Nasjonalbiblioteket sine nettsider

Aktivitet	Surnadal 2017	Landsbasis 2017	Møre og Romsdal
Registrerte utlån	22 817		
Registrerte besøk	17 049		
Utlån per vaksen	1,9		
Utlån per barn	8,3		
Gjennomsnitt utlån per innbyggjar	3,9	4,7	3,1

Dei bibliotekstilsette har fokus på formidling i det daglige arbeidet gjennom formidlingssamtalar, lesestunder, utstillingar, synliggjering av aktuelle bøker i bokstøtter i hyllene, boktipsblogg og innlegg på eigafacebook-side.

Biblioteket driv i tillegg formidlingsarbeid ved å gjennomføre ulike typar arrangement; slik som foredrag, forfattarbesøk og debattar. Biblioteket etterstreber å imøtekome ønske om arrangementssamarbeid når lokale lag og foreningar tar initiativ til dette.

Som følgje av gratisprinsippet blir det kjøpt inn mykje litteratur både i papirform og andre medier. Biblioteket har òg materiale på ulike språk og låner inn frå «Det Flerspråklige bibliotek». Biblioteket er ein del av eit nasjonalt samarbeid slik at materiale som ikkje finnast lokalt kan lånast inn frå andre bibliotek.

For å oppfylle kravet om aktualitet gjer biblioteket målretta innkjøp ut frå lokale ønske og behov. Det blir valt litteratur ut fra lokale låneønske, litteratur av lokal betydning, bøker og andre medier eigna for innvandrarar og andre grupper med spesielle behov og medier knytt til arrangement, kinovisningar og anna som skjer i lokalsamfunnet.

Mulegheiter og utfordringar

Bokbudsjettet er halvert sidan 2015, og det er ikkje budsjettert med midlar til kompetanseheving, arrangement og anna drift. Dette gjer det utfordrande å møte krava i den nye lova. Det er òg vanskeleg å få fokus på tilbod for å fremje nynorsk som målform.

Ei av samfunnsoppgåvene til biblioteket er å vere ein møteplass for folk i alle aldrar. Dette medfører at vi må legge fysisk til rette i tråd med krav til universell utforming. I vår digitale kvardag blir det stadig viktigare at biblioteket har attraktive digitale tilbod. Dette omfattar både utlån og søketenester.

Handlingsplan for planperioden 2021 - 2025

Tiltak

- Fullføre arbeidet med nytt biblioteksystem og heimeside
- Fortsette med Shared Reading grupper
- Fortsette med Sommarles
- Introdusere Shared Reading-metodikken til skuleelevar
- Delta i Litteraturhusordninga
- Nettverksamarbeid med andre bibliotek i regionen/fylket
- Tilpassa biblioteklokale til meir fleksible formål

Rapport på tiltak frå handlingsplan for planperioden 2017 - 2020

Tiltak

Kva har skjedd i perioden

Investere i «Meirope bibliotek», for å auka opningstid.

Meirope bibliotek vart opna i desember 2019.

Profilere og synleggjere biblioteket, gjennom å legge til rette for arrangement som Den internasjonale bokdagen, ulike temautstillingar, litteraturutstillingar, forfattarbesøk, brukarorienteringar og andre treff og arrangement i bibliotekets lokale og samarbeide med lokalt kulturliv og frivillige lag og organisasjonar om tiltak og arrangement.

Dei bibliotektilsette har fokus på formidling i det daglige arbeidet gjennom formidlingssamtalar, lesestunder, arrangementa «Shared reading», utstillingar, synleggjering av aktuelle bøker i bokstøtter i hyllene, boktipsblogg og innlegg på eiga «facebookside». Biblioteket drive i tillegg formidlingsarbeid ved å gjennomføre ulike typar arrangement, slik som foredrag, forfattarbesøk og anna som er aktuelt. Biblioteket er positive til samarbeid om arrangement når lokale lag og foreiningar tar initiativ til dette. Legg til rette for ulike arrangement som, temautstillingar,

Tiltak	Kva har skjedd i perioden
<p>Med fokus på barnehage, skule, helsestasjon, innflyttarar, flyktingar og andre aktuelle grupper.</p>	<p>litteraturutstillingar, forfattarbesøk, brukarorienteringar og andre treff i lokal til biblioteket. Samarbeider med lokalt kulturliv og frivillige lag og organisasjonar om tiltak og arrangement. Biblioteket har bl.a. hatt lesestund på laurdagar i regi av Sanitetkvinnene 2019 og 2020.</p>
<p>Biblioteket som uavhengig møteplass og arena for offentleg samtale og debatt</p>	<p>Flyktingar/framandspråklege innflyttarar: Biblioteket har materiale på ulike språk og i tillegg lårer vi inn materiale og depotkassar på aktuelle språk frå «Det Flerspråklige bibliotek» på Nasjonalbibliotekets avdeling i Mo i Rana. Tar imot besøk av grupper utenom opningstid/etter avtale frå Vaksenopplæringa. Hjelper til med data/utskrift/utfylling av skjema. Skole, barnehage: Tar imot besøk av grupper utenom opningstid/etter avtale. Ordner bokkassar/temakassar når skolane og barnehagane bestiller det. Biblioteket er med på leselystkampanjen «Sommerles» kvar sommar. «Sommerles» er beregna for barn på barnetrinnet. «Sommarles» har vore ein gedigen suksess og motiverer 1/3 av alle surnadalsbarn til å lese gjennom sommaren. Det blir sett på som veldig viktig at barn og unge skal vedlikehalde leseferdighatene gjennom sommaren, og det er til stor nytte for skolane. Biblioteket har lesestunder etter avtale med skole- og barnehagebarn. Folkebiblioteka skal vere ein uavhengig møteplass og arena for offentleg samtale og debatt. Biblioteket fikk gjennom den reviderte lova ein ny rolle som arena for offentlig samtale og debatt, og dette blir følgt opp ved å vere tilretteleggjar for gjennomføring av debattar i lokalsamfunnet. Alle som ønsker det, har etter avtale fri tilgang til å benytte lokal våre innanfor og utenom opningstid. Biblioteket var med på eit prosjekt sammen med Tingvoll, Sunndal, Kristiansund og Gjemnes kommunar i 2016/2017, hvor alle i 2017 streama ein lokal debatt slik at folk kunne følgje den heimefrå. Lesesalen vår blir lånt ut til frivillige lag og organisasjonar og møteverksemeld gratis.</p>

Kapittel 5: Kino og kulturhus



Surnadal kulturhus hadde offisiell opning 18. januar 2002. Kulturhuset er definert som regionalt kulturhus for Surnadal, Rindal og Halsa. Huset inneholder lokale for Surnadal og Rindal kulturskole, bibliotek, kinosal, konsert-teatersal med tilhøyrande infrastruktur, galleri, rockerom (undervisningsrom for kulturskolen og øvingsrom for lokale band), døgnopen hotellresepsjon med billetthandtering, konferansesal og eit møterom.

Kulturhuset er eit flott og iaugefallande bygg, som har ei god og sentral plassering på Skei. Storstuå har ei stor scene og eit sceneområde med dei fleste fasilitetar. Huset er brukarvennleg både for artistar og publikum, sjølv om ein no merkar at huset er nærmere tjue år. Slitasje på bygning og utstyr fører til nødvendig utskifting før skavankane blir for merkbare. Ein må også ha i mente at den tekniske utviklinga har tatt kvantesprang i denne tida, og at kulturhuset difor skulle hatt kapasitet til t.d. å straume kulturbendingar på ein saumlaus og trygg måte. Der er vi ikkje i dag. Og dette kan bli meir merkbart etter at ein truleg vil nytte meir av den slags teknologi som eit alternativ for konferansar o.l. Dette har eit spennande potensial for å utvikle kulturhuset vidare!

Mål

Surnadal kulturhus skal vere ein kulturell motor og eit av dei mest innhaldsrike og moderne kulturhusa i regionen.

Status

Surnadal kulturhus vart i starten drive som eit eige BA. Sidan 1. januar 2008 har det vore ein samarbeidsavtale mellom kommunen og Thon Hotel Surnadal (tidlegare Vårsøg).

Denne avtalen har vore endra opp gjennom åra, og per i dag kjøper Surnadal kommune tenester av hotellet som billetsal frå resepsjonen og reinhald. Kultureininga i Surnadal kommune har frå september 2014 vore plassert i kulturhuset.

Aktiviteten på kulturhuset er stor, om ein ser vekk frå nedstengte periodar under korona-pandemien.

Kulturskolen bruker mange av romma dagleg. Det er stor aktivitet på kulturformidlingsfronten, der det er ei god blanding mellom amatørar- og profesjonelle aktørar som bruker scenen til forestillingar og øving. Utstillingslokalet blir ofte bruka, der kunstforeininga er ein god samarbeidspart. På kinoen har vi ein merkbar publikumsauke etter at vi fekk tilgang på fleire premierar gjennom digitaliseringa. Og møtelokalet Svorka er mykje bruka av hotellet og til politiske møte.

Mulegheiter og utfordringar

Vi har behov for å nå ut med det vi tilbyr, og det betyr at marknadsføring blir veldig viktig. Sosiale media er ei god mulegheit, men også ei utfordring. Reklamekampanjar nasjonalt og medieomtale av nye filmar er heilt uvurderleg i marknadsføringssamanheng.

I framtida ser vi at det er forskjellige tekniske utfordringar vi må hanskast med. Forutan synleg slitasje på hus, interiør og tekniske løysingar, er det også ei rivande utvikling i kinoteknologien. Om kinoen skal konkurrere med «heimekino», er det heilt naudsynt at investeringar blir gjort innan rimeleg tid.

Kulturen i Surnadal treng ein «blackbox», den bør vere i tilknyting til kulturhuset og kulturskolen. Eit slikt rom vil vera viktig for drama, dans, teater og musikkmiljøet.

Handlingsplan for planperioden 2021 - 2025

Tiltak

Samarbeid med senioruniversitet og Folkeakademiet om sosiale «spaserstokk-tilbod», medr. eigen filmklubb for dei som vil oppleve kultur på dagtid

Strauming av kulturelle opplevelingar som konserter og teater


Utvikle «pakketilbod» for klassebesøk eit par gongar i året; som utstilling + bibliotekbesøk + gratis kortfilm

Rapport på tiltak frå handlingsplan for planperioden 2017 - 2020

Tiltak	Kva har skjedd i perioden
Dagtilbod på kino og fleire faste kinoframvisningar.	Det blir vist kino på dagtid når vi har filmar som er tilpassa målgruppene som har moglegheit til å kome på dagtid. Det kan vere barn og unge i jule- og påskeferiar, turnusarbeidarar og pensjonistar eller andre som har fri på dagen
Etablere eit blacboxtilbod i tilknyting til kulturhuset.	Dette er ikkje gjort, det har ikkje vore etterspørsel etter det og vedlikehaldet på den scenen vi har er påtrengande.
Kjøpe inn teknisk utstyr som er tilpassa dei «krav» som bransjen stiller, innafor lyd, lys og scenografi	Dette er ikkje gjort i planperioden. Det er dårlig økonomi så dagleg vedlikehald blir prioritert ned.
Styrke samarbeidet og den kulturelle satsinga på kulturhuset.	Det blir arbeidd godt opp mot frivillige aktørar innan kulturlivet i Surnadal.
Reorganisere programrådet	Dette er det ikkje fokusert på, da det ville fungert byråkratisk og tidskrevjande
Legge til rette for det lokale kulturlivet slik at dei bruker huset til sine prosjekt. Passe på at dei faste prosjekta, som mellom anna «russerevyen», «GM5» og «10. klasseprosjektet», er i årshjulet.	Det meiner vi at vi har lukkast godt med. Det har i ettertid også kome til nye tradisjonar som julekonsern og julemarknad.
Utvikle tilbodet og bruken av kulturhuset.	Mange av kulturhusa har større publikumskapasitet enn oss. Det gjer det utfordrande å få tak i store namn, da dei legg seg på eit honorar som er tilpassa større billettinntekter enn det vi kan få inn. Slik sett må vi ta omsyn til at vi har eit avgrensa inntektpotensial, og det fører til at vi må planlegge ut frå det – og heller satse på å få inn artistar som vil leige sjølv. Det gjer at vi sjølv sagt ikkje har «full styring» med tilbodet.
Ta med ungdomsrådet på å sjå på bruken av huset minst to gonger i året. Opprette ei referansegruppe med ungdommar.	Vi har kome fram til at det er nok med eit årleg møte med ungdomsrådet for å få tilbakemeldingar på drifta av kulturhuset.
Arrangere ungdomsmusikal	Ikkje gjennomført, men vi samarbeider gjerne om nokon tek eit slikt initiativ.
Halde Finstuå meir open som utstillingslokale	Det har vore mange utstillingar dei seinare åra.
Fleire danseforestellinger	Kulturskulen har vore svært aktive dei siste åra, både med eigne og deltaking i andre sine forestillingar.

Tiltak	Kva har skjedd i perioden
Konsertar og forestillingar med nasjonale aktørar	Dette er noko vi har hatt som tilbod gjennom alle åra kulturhuset har eksistert. Tilboden har sjølv sagt vore redusert under koronapandemien.

Kapittel 6: Museum og kulturminne



Kulturminne og kulturmiljø representerer samfunnets felles verdiar. Dei er unike og uerstattelege kjelder til kunnskap og opplevelingar, og er miljø- og samfunnsressursar som kan gi grunnlag for lokal utvikling og kulturell, sosial og økonomisk verdiskaping.

Oversikt over internasjonale konvensjoner og nasjonale ansvarsområde for Kulturminnenefeltet:

"[Klima- og miljødepartementet](#) har ansvaret for strategi- og politikkutvikling innenfor hele kulturminnenefeltet. Departementets kulturminneavdeling har ansvar for å følge opp internasjonale konvensjoner for kulturminneområdet som Norge enten har ratifisert eller godkjent:

- Konvensjonen om vern av kulturminner i tilfelle væpnet konflikt, Unesco 1954 ([Haag-konvensjonen](#))
- [Konvensjonen for vern av verdens kultur- og naturarv, Unesco 1972 \(Verdensarvkonvensjonen\)](#)
- Konvensjonen om vern av Europas faste kulturminner, [Europaratet](#) 1985 (Granada-konvensjonen)
- Konvensjonen om vern av den arkeologiske kulturarv, [Europaratet](#) 1992 (Valletta-konvensjonen/[Maltakonvensjonen](#))
- Konvensjonen om vern av den immaterielle kulturarven, Unesco 2003 ([Immateriell kulturarv \(UNESCO\)](#))
- Konvensjonen om kulturarvens verdi for samfunnet, [Europaratet](#) 2005 ([Farokonvensjonen](#))

Kulturminneavdeling har etatsstyringsansvar for [Riksantikvaren](#) og skal ivareta departementets kontakt mot den regionale kulturminneforvaltningen, samt oppfølging og utvikling av [Norsk kulturminnerefond](#), hvor rentene av fondskapitalen tildeles fondet gjennom eget tildelingsbrev fra Klima- og miljødepartementet. Midlene brukes til tildeling av prosjektmidler og drift av fondet".

Surnadal kommune har ei eiga kulturmiljøplan. Det er Klima- og miljøverndepartementet i lag med Riksantikvaren som gjennom satsinga Kunnskapsløftet for kulturminneforvaltinga oppmoda kommunane til å utarbeide lokale kulturminneplanar. Målsettinga er å auke kunnskapen og merksemda om kulturminne, og at planane skal vere verktøy i forvalting av kulturminne lokalt. Lenke til [kulturmiljøplanen](#). Kulturmiljøplanen fungerer som eit hjelpemiddel for saksbehandlarar, men også for å formidle kunnskap om kulturmiljø, kulturminne og landskapsvern i Surnadal.

Når vi i kulturplanen har eit kapittel om museum og kulturminne er det mellom anna for å styrke samarbeidet med Nordmøre museum. I tillegg er det viktig å få fram det store frivillige

arbeidet som blir lagt ned på dette området; av både historielag, husflidslag, mållag, bondekinnelag og enkeltpersonar, dei er alle viktige bidragsytarar.

Vi har både materielle og immaterielle kulturminne:

- Materielle kulturminne: Alle handfaste kulturminne, som bygningar og gjenstandar.
- Immaterielle kulturminne: Kulturytringar som lever vidare i skriftleg form eller gjennom muntleg overføring, dette kan vere stadnamn, dialekt, historier og segner, handverkstradisjonar, song og dans.

Musea i det nasjonale nettverket sitt samfunnsoppdrag er å drive forvaltning, forsking, formidling og fornying (St.m.: Framtidas museum).

Frå kommuneplanen har vi henta følgjande strategi om kulturvern:

"Synleggjere og spreie kunnskap om kulturarven, og sørge for nettbasert formidling og informasjon om vår digitaliserte kulturarv, slik at fleire får kunnskap om og kjennskap til verdien av å ta vare på den".

Mål for kulturminnevern og museum i Surnadal

Forvalte og formidle kunst og lokalhistorie etter fagleg kunnskap og faglege prinsipp, og vere ein god tilretteleggjar for, og inspirasjonskjelde til, aktivt lokalt kulturminnevern

Strategi

- Stimulere til aktivt historie- og dokumentasjonsarbeid i heile kommunen.
- Sikre bevaring og bruk av museumsanlegga.
- Auke aktiviteten i Kallastuå.

Status

Nordmøre museum er eit regionsmuseum, som har driftsavtale med alle Nordmørskommunane.

Nordmøre museum avdeling Surnadal driftar dei tre kommunalt eigde museumsanlegga:

- Åsen bygdemuseum
- Svinviks arboret
- diktarheimen Kleiva

Svinviks arboret er eit unikt museumsanlegg i regionen og er difor utpeikt som fokusområdet for drift og utvikling i driftsavtalen mellom Nordmøre museum og Surnadal kommune.

Surnadal kommune arva òg Kunstmuseet Kallastuå og kunstsamlinga etter Kalla Skrøvseth, som blir drifta av Stiftinga Kalla Skrøvseth kunstsamlings fond. Bøfjorden historielag eig og driv Bøfjorden sjøbruksmuseum og kyrkjebåten Hjelmkånnå med tilhøyrande naust.

Mulegheiter og utfordringar

Kulturarven er ein felles verdi som også må sjåast i ein regional og nasjonal samanheng. Norge er forplikta etter internasjonale avtalar til å ivareta kulturarven vår.

Det er viktig å synleggjere kulturminna som ein god identitetsbyggar, både for unge og eldre. Mange av kulturminneområda er eigna til friluftsliv og turstiar kan merkast med skilting av kultur og naturverdiar i området.

Det er store vedlikehaldsetterslep på museumsanlegga våre. Manglande vedlikehald fører til tap av kulturhistoriske verdiar. Kyrkjene og kyrkjegardane er eksempel på kulturbrygg og kulturminne med store vedlikehaldsmessige utfordringar.

Vi er avhengig av stor frivillig innsats på museum og kulturarvområdet. Arbeidet med bygdabøker er eit godt eksempel på prosjekt som krev både menneskelege og økonomiske ressursar, og som er heilt avhengig av frivillig innsats for å lykkast.

Handlingsplan for planperioden 2021 - 2025

Tiltak

Vidareføre arbeidet på bygdebokprosjektet

Etablere ei museumsnemnd som er tettare på samarbeidet mellom Nordmøre museum og kommunen ut frå signala som kom i museumsmelding 23, Musea i samfunnet: tillit, ting og tid.

Skule/barnehagetilbod med fokus på lokale kulturminne, fordi det vil gjere elevane meir medvetne på historia, endra livstilhøve og klimaendringar med bruk av lokale eksempl. Dette bør kunne ivaretakast mellom anna ved tilbod i den lokale kultursekkjen.

Ferdigstille Kavleven kultursti

Arbeide vidare med tilrettelegging, forvaltning og utvikling av Kavleven kultursti som arena for kulturminne, friluftsliv, næringsutvikling og nyskapande kultur.

Arrangere den årlege Kulturminnedagen i samarbeid mellom kommune, frivillige og museum

Støtte opp om arbeid og prosjekt i samband med den Trondhjemske Postvei

Tilrettelegging og utvikling av stisystem i Svinviks arboret

Utvikle områdeplan for kulturmiljøområdet i Svinvika i samband med realiseringa av Todalsfjordprosjekten.

Sikre drift av Kallastua

Starte opp registrering av kunstsamling i Kallastua i NKDB

Arbeide for aktive historielag i heile kommunen, stimulere til etablering av nye lag i hovuddalføret og Bøverfjorden

Det er behov for eit nytt lokalhistorisk verk i kommunen, men før ei meir grundig bygdahistorie kan skrivast, er det viktig å sikre seg mest muleg materiale for ettertida gjennom dokumentasjon av munnlege kjelder og anna materiale som med åra lett kan gå tapt.

Etablere vedlikehaldsplan for museumsanlegga

Rapport på tiltak frå handlingsplan for planperioden 2017 - 2020

Tiltak	Kva har skjedd i perioden
Arbeide med å lage ei eiga kulturminneplan	Surnadal kommune si første kulturmiljøplan vart vedteke i kommunestyret 10.12.2020
Arbeide med å få til ein aktiv bygdeboknettstad	Dette er eit arbeid vi ikkje har komme i mål med, på grunn av manglende ressursar
Stimulere til aktivt historie- og dokumentasjons-arbeid i heile kommunen	Bygdebokprosjektet er eit av «produkta» til dette målet, bok nr. 4 i ein serie på 10 vart utgjeve i 2020. Det har gjennom heile planperioden blitt gitt støtte til lokalhistoriske skrifter
Aktivt arbeid i Namnenemnda, for å sikre gode lokalhistoriske stadnamn òg på nye utviklingsprosjekt	Namnenemnda er ei nemnd som blir kalla inn når det er behov, ved ny adressering og nye prosjekt. Det store adresseringsarbeidet er utført og det er mindre møte i denne nemnda no enn før
Vi skal sette fokus på Surnadalsøra som ein kulturell myldreplass med fokus på kulturhistorie, kunstnarar og kreative næringar	Ørafondet vart oppretta først i planperioden for å stimulere til istrandsetting av bygg i tråd med reguleringsplana for Surnadalsøra og for å stimulere til utviklingstiltak. Aktivitet i Surnadal billag genererer positive ringverknader i området og i kommunen, det same gjer verksemda i det gamle samvirkelaget, bedehuset og Trudvang. Øradagane er eit godt «Ørafokus-prosjekt». I 2021 vil Surnadal billag og Surnadalsøra vere sentrum for ein internasjonal kunstfestival.
Sikre bevaring og bruk av museumsanlegga	Driftsavtale med Nordmøre museum. Tiltak i planperioden: Ny scene og restaurering av hovudhus Kleiva. Aktivitet ved Kavlvæg på Eidet, knytt til Åsen bygdemuseum. Bevaring og skjøtsel av hagen Svinviks arboret. Etablering av back-up samling for nasjonale genbankar i frukthagen i Svinviks arboret.
Etablere vedlikehaldsplan for museumsanlegga	Vi har sikringsplan og tilstandsrapport, men mangler vedlikehaldsplan
Tilrettelegging og utvikling av stisystem i Svinviks arboret	Sklisikring av trappetrinn og nokre enkeltpunkt er utbetra, resten blir utsett til etter Kavlvægprosjektet er ferdigstilt. Tiltaket bør vidareførast. .
Etablering av kultursti i tilknyting til Åsen, kavlvæg	Under oppbygging, som eit eige prosjekt i samarbeid med Nordmøre museum, Møre og Romsdal fylke, Miljødirektoratet og Riksantikvaren m.fl.
Skule/barnehagetilbod med fokus på lokale kulturminne, fordi vi vil gjere elevane meir medvetne på historia, endra livstilhøve og klimaendringar med bruk av lokale eksempler.	Gjennomført i museumsregi, og kavlvæg, barnehage, grunnskole og ungdomstrinn og vidaregåande
Auke aktiviteten i Kallastuå	Nytt styre - Temporære utstillingar - Oppussing av lokalet - Endring av faste utstillingar
Samarbeid og samvirke mellom Svinviks arboret, Norsk Myrmuseum (Smøla) og Phillipshagen (Sunndal), gjennom driftsavtalen med Nordmøre museum	Inngått samarbeid med Sunndal bygdemuseum Leikvin og Phillipshagen om kartlegging og rådgiving, knytt til frukt samling og rododendronsamling.

Tiltak	Kva har skjedd i perioden
Korte artiklar for skule, lokalhistorie og reiseliv kan t.d. leggast ut på kommunen si heimeside. På kulturnett, digitalt fortalt	Vi har løyst dette gjennom den digitale kulturmiljøplanen, den vil vidareutviklast over tid. Nordmøre museum har i planperioden teke i bruk appen Kulturpunkt for digital formidling, tilbodet er under utvikling til nye målgrupper.
Arbeide for aktive historielag i hovuddalføret og Bøverfjorden	Dette har vi ikkje greidd å gjere noko med. Surnadalsøra Vel fungerer som eit historielag for øra, men framleis manglar vi eit historielag i dei nemnde områda. Dette er eit punkt som bør vidareførast i neste plan
Arbeide for å få på plass eit aktivt samarbeid med frivillige	Vi har mykje godt samarbeid med frivilligheita innanfor dette området også, slik som: Bygdebok, Kavlevegprosjektet, hagelaget og enkeltpersonar, Indre Nordmøre forsvarsforening og krigsminneregistrering
Det er og eit behov for eit nytt lokalhistorisk verk i kommunen, men før ei meir grundig bygdahistorie kan skrivast, er det viktig å sikre seg mest muleg materiale for ettertida gjennom dokumentasjon av munnlege kjelder og anna materiale som med åra lett kan gå tapt	Vi har fått til eit samarbeid for å ta vare på filmar som dokumenterer livet i Surnadal (Saksen). - Bygdebokarbeidet har òg ei vinkling med å ta vare på nyare historie som har kome etter Hyldbakk. - Hyldbakkarkivet blir arbeidd med gjennom museet, dei fleste bilda er no ferdigdigitalisert. Det neste som skal takast tak i, er «papir-arkivet»

Vedlegg; Kleivaprisvinnarar




15 Kleivapris-vinnarar samla på eitt brett, foto: Tor Helge Solli, Tidens Krav

Kleivaprisen kan sjåast på som Surnadal kommune sin kulturpris. Prisen blir delt ut av Kleivastyret som består av det sittande formannskapet til ei kvar tid. Det var Hans Hyldbakk som satte ned statuttane til Kleivafondet, som i si tid var ei gave til Surnadal kommune og innbyggjarane. Kleivaprisen vart første gang utdelt i 1998.

Statuttane for Kleivafondet skal leggast til grunn for tildelinga av Kleivaprisen og under §2 står det mellom anna "Formålet med fondet er å fremja kulturelle og lokalhistoriske føremål innafor kommunen, unnateke fotball og stjerneidrett. Forutan tildeling av midlar etter søknad, kan styret på eige initiativ gje stønad eller påskjønning til einskildpersonar som har gjort eller gjer ein innsats for kultur og bygdesoge på ulønt og frivillig basis (...)".

1998

Henning Sommerro



Henning Sommerro,
foto:NTNU

Den første Kleivaprisen gikk til en person som har satt Surnadal på kartet gjennom komposisjon, sang og musikk. Han har satt spor etter seg i norsk kulturliv, og vært en svært god ambassadør for Surnadal. Han har også vært en inspirasjonskilde for kulturlivet i Surnadal, og vært positiv til å bidra, både før og etter at han flyttet fra Surnadal. Han er også en av hovedaktørene bak Vårsøghelga. Han er entusiastisk og skapende, han har tatt vare på sine røtter, og gjort Vårsøg og Hans Hyldbakk landskjent.

1999

Styrkår Brørs



Styrkår Brørs, her frå opninga av «Haustrlys» i 2018 der han stilte ut mange flotte blyantteikningar, foto: Nanna Ranes, Driva

Styrkår Brørs fekk Kleivaprisen spesielt grunngjeve ut frå hans lange og solide innsats for teaterlivet i kommunen:
«Han har vore ein ivrig eldsjel for teaterlivet i kommunen, der han har gjort ein svært viktig innsats som instruktør sidan 1965 til 1982 gjennom Surnadal Bygdeungdomslag. Han var initiativtakar til å starte opp Svarrabærje Teaterlag i 1998, og har vore instruktør på dei to revyane som Svarrabærje har hatt. På åtti-talet har han gjort ein stor innsats for idretten i bygda, som oppmann og trenar for langrennsgongdomen» Styrkår Brørs har også skrive fleire lokalhistoriske bøker og hefte og har også ry for å vere ein svært dyktig teiknar.

2000

John Røen




John Røen foto: Leivdal

John Røen fekk Kleivaprisen post mortem for sin innsats som ein av dei viktigaste tradisjonsberarane innan folkemusikken på Nordmøre. John Røen var lidenskapleg opptatt av folkemusikken. Han var sentral i Surnadal Leikarring og spelte ein sentral rolle i Nordmøre Spelmannslag, kor han også var musikalsk leiar i fleire år. John Røen hadde eit godt lag med fela, og fekk m.a. ein førstepris for nyskapande musikk på ein distriktskappleik – noko som viser at han også var nytenkande i formidlinga si. Han ivra for å få folkemusikken inn i kyrkja og var samtidig opptatt av å ta vare på dei gamle religiøse salmane. John Røen opparbeidde seg også raskt eit godt namn som ein habil kvedar. Mange av slåttene som han spelte inn, var ikkje tidlegare skriven ned – og vart med det berga for ettertida. Han var også ein viktig informant for andre

sine prosjekt, m.a. Fred Ola Bjørnstad sitt bokprosjekt om folkemusikken frå Nordmøre.

2001

Jørgen Gravvold



Jørgen Gravvold. Privat foto frå da han vann skaldekonkurransen i Adresseavisen i 1974 og vart premiert med modell av diktarhesten Pegasus. Foto privat

tonesett og gjeve ut på plate.

Jørgen Gravvold vart beskrive slik av forslagsstillaane: «Jørgens diktning holder et høyt litterært nivå. Hans naturbeskrivelser knyttet til hans heimtrakter, kjærlighetserklæringer i ulike former, samt hans humoristiske betraknninger om hverdagsslivet, står sentralt i diktninga hans. Jørgen har gitt oss mye uten selv å ta imot store honorarer. En pris vil kunne være med på å gi han anerkjennelse for det han har skrevet og stimulere han til ytterligere innsats som skribent.» Jørgen Gravvold er godt kjent utafor kommunen for m.a. sine dikt, revy- og visetekster – som fleire har

2002

Bernt Bøe



Bernt Bøe. Biletet er frå da han fekk overrekt Kongens fortjenstmedalje under Jonsvaka i 2015. Til venstre ordførar Lilly Gunn Nyheim. Gøran Rønning, Driva

Bernt Bøe har gjort ein stor innsats for det lokale kulturlivet på mange felt. Forslagsstillaren trakk m.a. fram det store arbeidet han lagt ned i «song- og musikklivet i kommunen, særskilt innanfor det kyrkjelege. Han har også vore ein viktig bidragsytar ved kabaretar og andre framföringar.» Bernt Bøe har også vore dirigent for fleire kor. Bernt Bøe har også lagt ned eit stort arbeid som lokalhistorikar, og er vel den som har betydd mest for dokumentasjon av lokalhistoria vår forutan Kleivakongen sjølv – gjennom utgjeving av bøker, hefte, utallige avisinnlegg – og fleire lydproduksjonar. Han har som lærar og kulturarbeidar også gjort ein stor innsats i å formidle lokalhistoria til dei yngre.

2003

Famntak



Famntak, her med Henning Sommerro
foto Tor Helge Solli, Tidens Krav

Famntak, som gav ut si første plate i 2003, fekk Kleivaprisen same året. Ved overrekkinga vart det lagt vekt på følgjande: «Kleivaprisen 2003 går til ein god ambassadør for Surnadal. Vinnaren har sterke røter til heimbygda si, og gir Surnadal store kulturelle bidrag. Dei fire unge musikarane som utgjer gruppa Famntak, står kvar for seg som veldig solide og gode musikarar som er godt kjende også på nasjonalt plan. Når slike krefter går saman må det berre bli bra. Tone Søyset Døving, Jostein Ansnes, Anders Larsen og Trygve Brøske er til stor inspirasjon for andre surnadalsungdommar som ønskjer å satse på musikk. Alle fire er kvar for seg med på å sette

Surnadal på kulturkartet – også ved å gi ut «Famntak», med tekstar av Hans Hyldbakk».

2004

Alf Ramsøy



Alf Ramsøy, foto Tidens Krav

Kleivaprisen gikk dette året til kulturformidlaren Alf Ramsøy. Alf Ramsøy var utdanna skuespelar og var tilsett ved Det Norske Teatret i tida 1950–1958. Han har også medverka i to filmar som har skrive seg inn i norsk filmhistorie: den første filmen på nynorsk («Dei svarte hestane», 1951) og den første norske spelefilmen som var nominert til Oscar («Ni liv», 1957). Todalingen flytta heim i 1958 og polio førte til at han etter kvart vart bunden til rullestolen. Det unge sinnet førte likevel til at Alf Ramsøy var av dei som spreidde mest glede og livslyst same kvar han var, også som «kulturminister» i regjeringa til

«Kleivakongen». Han var ein mykje brukar som formidlar både frå scene og ved lydopptak. Under overrekkinga vart det slege fast at: «Ingen kan som han tolke tekstane til våre store lokale diktalar Hans Hyldbakk og Leif Halse. Alf Ramsøy er ein av dei aller fremste til å syne oss rikdomen i kulturskattane våre.»

2005

Paula Ranes



Paula Ranes, fotografert under feiringa av 17. mai 2010, foto Tor Helge Solli

Eitt ord, «eldsjel», gjekk att i talen til kleivaprisvinnar Paula Ranes i 2005: «Eldsjel er eit stikkord får årets kleivaprisvinnar. Vinnaren har vore med på store musikal- og teateroppsettingar i kommunen vår, slik som «Sommar i Tyrol», «Trost i taklampa» og «My Fair Lady». 2005 er eit historisk år på mange vis. Det gjeld også Kleivaprisen. Det er første gongen prisen blir delt ut til ei av dei mange dyktige kvinnene i kulturlivet vårt. Årets kleivaprisvinnar har lagt ned eit stort arbeid for song- og musikklivet i kommunen vår. Ho har også vore engasjert i kyrkjelydsarbeid i mange år. Eldsjela vi snakkar om har vore leiar i Mo skulekorps i fleire år. Da songkoret Tormod vart starta opp igjen i 1995 vart sjølv sagt

prisvinnaren valt til formann. Ho er ei av dei aller største eldsjelene i kulturlivet i Surnadal.
Årets kleivaprisvinnar er Paula Ranes.»

2006

Ola Brøske



Ola B. Brøske fekk overrekt «Kleivaprisen» av leiar av Familie- og kulturkomiteen på Stortinget, May-Helen Molvær Grimstad. Foto: Driva

Vinnaren i 2006, Ola Brøske, brann for dei estetiske faga i skulen – og elevane sin rett til å utvikle og bruke sine kreative evner. Ola Brøske starta «Musikkskulen for alle» tidleg på 1980-talet og dro også i gang bygdeverkstadar i alle grendene i kommunen. Gammal og ung fekk vere til saman i kulturell utfalding på bygdeverkstadane, om det var lefsebaking, handarbeid, song og musikk eller andre aktivitetar. «Ola har vore ein inspirator for mange av dei kjende musikarane frå Surnadal, mellom anna Jostein Ansnes, Tone Søyset Døving, Trygve Brøske med fleire. Han hadde ein arbeidsmetode som både framprovoserte og framelska kreativitet. Ola gav dei unge ansvar», heitte det i grunngjevinga for tildelinga.

2007

Eistein Bæverfjord



Eistein Bæverfjord, foto Arve Hoem, Tidens Krav

Kleivaprisen dette året gjekk til Eisten Bæverfjord for hans lange og allsidige innsats i det lokale kulturlivet. Musikk ha stått sentralt i livet til prisvinnaren, som trakterte trekkspellet frå ung alder. I talen til Eistein heitte det: «Prisvinnaren tok i sin ungdom del i datidas ungdommens kulturmønstring, kalla amatørkonkurranse. Ein av dei første premiane denne trekkspelaren fekk, var i Festiviteten i Kristiansund – det var ei gul fiskarstong. Prisvinnaren har fleire førsteplassar i Noregs

ungdomslags landstevlingar, og ein førstepremie vart til og med kapra med blodet strøymande frå fingrane slik at tangentane vart rauda.» Eistein Bæverfjord har også vist stor engasjement for lokal historie. Og han var tidleg ute med å nytte nye teknologiske hjelpemiddel og var kjent for å vera ein «kløppar» på data. Han var også ein ivrig filmskapar, og har kanskje levert den lengste amatørfilmen som har vore vist i «Ut i naturen» på NRK.

2008

Holger og Kirsti Skei



Holger og Kirsti Skei var av dei som var aller nærmast Kleivakongen, og Holger vart omtala som «finansministeren» i regjeringa til «kongen». I grunngjevinga for tildelinga heitte det m.a.: «Holger har vore svært aktiv på mange felt, både innan idrett, bygdeungdomslag og revyarbeid. Han er ein kjent og kjær artist, ikkje berre i Surnadal, men på heile Nordmøre og vel så det! Saman med kona Kirsti tok han seg av Hans Hyldbakk i mange år. Den innsatsen som Kirsti har lagt ned opp gjennom åra, kvalifiserer også til pris, og da gjerne saman med mannen Holger.»

Kirsti og Holger Skei Foto: Lilli Husby

2009

Svein Sæter



Svein Sæter har skrive eit tjuetal bøker, fleire musikkteater og er ein kjent formidlar, kåsør og journalist. Fleire av bøkene har eit lokalhistorisk tilsnitt. Han har også lagt ned eit stort arbeid som styreleiar for kulturfestivalen «Vårsøghelga», også ved å få dei yngste til å uttrykke seg gjennom å skrive dikt. Svein Sæter har også sett lys på livsverket til Hans Hyldbakk gjennom bøker, artiklar og foredrag. Han har også vore aktiv i frivillig arbeid; korps, Stangvikfestivalen, idrett m.m.

Svein Sæter, her sittande framom lokale lovande diktarspirar under Kleivakvelden i 2019, Foto Øystein Hjelle Bondhus

2010

Trond Larsen



Trond Larsen Foto: Bjørn Tore Brøske

Trond Larsen fekk prisen for sine «musikalske» bidrag, og slik vart han introdusert under overrekkinga: «Kleivaprisen i år går til ein person som har vore aktiv i musikklivet i Surnadal i det vi kan kalle ein mannsalder. Sagt om prisvinnaren er at: "han med særleg dyktigheit og innsatsvilje har lagt ned eit stort og betydningsfullt arbeid som musikalsk leiar og primus motor". Og dette har han gjort i nærmare 40 år! Han har òg vore aktiv musikar, og stilte villig opp for revy og teaterlag som pianist og orkesterleiar i mange år. I tillegg akkompagnerte han lokale utøvarar når det var behov for det. I ein periode trakterte han

kontrabassen i Strykeorkesteret i Surnadal. Han hadde også sin eigen gamaldanskvartett som reiste land og strand rundt nokre år. Dei har forresten gjort eit vellukka comeback i dei seinare åra. Han er ein pedagog som er godt fagleg forankra med stor menneskekunnskap og tolmod, eigenskapar som er avgjeraande for å skape tryggleik og framgang. Dette kom spesielt dei to korpsa han leia til gode, Surnadal skulekorps frå 1966 og Surnadal

Hornmusikk frå 1974. No har han lagt opp denne gjerninga, men han fungerer framleis som vikarlærar på kulturskulen når dei treng det til piano og treblåselevane. Årets vinnar har tidlegare motteke Ungdomsarbeidets Pris her i Surnadal og han fekk i 1991 Norges Musikkorps Forbunds høgaste utmerking for dirigentar. Han har glede mange med musikken sin, både når det gjeld korpsmusikk og gamaldans.»

2011

Dordi Skuggevik Tande



Dordi Skuggevik Tande Foto: Rita Aarnes, Driva

Dordi Skuggevik Tande fekk prisen i 2011 og fekk med seg denne omtalen før overrekkinga: «Årets kleivaprisvinnar har òg vore ein viktig bidragsytar for det lokale kultur- og musikklivet gjennom mange år både i Surnadal og i Trondheim, der korssong generelt og gregoriansk song spesielt har vore eit av hovudinteressene for denne kunnskapsrike prisvinnaren. Prisvinnaren er tidlegare tildelt ærestittelen "Chevalier dans l'orde des Arts et des Lettres" (Ridder i ordenen for kunst og litteratur) av den franske kulturministeren. Denne utmerkinga er ein av fire franske ministerielle ordnar, og derav ein av Frankrikes hovudutmerkingar. Ho er ein uredd forslagsstiller i kulturelle og religiøse saker, som verken har lagt seg inn under biskopar eller andre. Ho har òg brukt år av livet til; på eigen risiko med eigen finansiering og på eige forlag – samla stoff, skrive og gitt ut "Utvandringshistorie frå Nordmøre", for dette arbeidet har ho fått personleg takk frå Kong Olav. Boka i seg sjølv er eit prosjekt, men den førte og med seg ein verdifull kulturutveksling i praksis med ein straum av norskamerikanarar som har besøkt "gamlelandet" etter at boka kom ut. Boka blir også bruka som eit oppslagsverk for mange med slektnigar "over there" og for dei som har interesse for dette spesielle kapittelet i historia vår. Årets Kleivaprisvinnar var den første kultursekretæren i Surnadal kommune. Ikke minst har ho vore, og er framleis, ein fargeklatt som ikkje kvir seg for å kommentere stort og smått av det som opptar ho.»

2012

Sverre Hatle



Sverre Hatle Foto Mari Vattøy, Trollheimsposten

Sverre Hatle vart kleivaprisvinnar dette året, og vart introdusert slik (utdrag): «Årets Kleivprisvinnar er ein allsidig person som har gjort eit stort arbeid for frivillige lag og organisasjonar og vist stor dugnadssinnsats over tid, og på fleire område. Prisvinnaren er til dømes dugnadshjelp her på Kleivakvelden, saman med Surnadal Heimbygdlag. Utom å vere aktiv medlem både i Heimbygdlaget og Nordmøre Mållag, er prisvinnaren ein habil diktar, anten det er heilt originalt stoff eller omskriving av andre sine dikt. Her kjem eit sitat frå eit av

nominasjonsbreva: ” I fotefara etter ... (Sverre Hatle) kjem det alltid fine, vare og nyttige blomstrar til glede og ettertanke for mange”. Han er ein ihuga nynorskmann som meiner at målføret er ein viktig del av den lokale kulturarven, og at talemålet er grunnlaget for å uttrykkje seg godt skriftleg. Han er ikkje fødd surnadaling, men kjenner surndalsmålet betre enn dei fleste innfødde. Utanom å vere ein pådrivar for nynorsken og alt anna han i kultursamanheng har vore med på, må vi få lov til å trekke fram prisvinnaren sin innsats i desse prosjekta: Dialektspalta i Driva, ”Ville blomstra” – (Jørgen Gravvold: Ord og vendingar han henta frå kvardagsspråket), ”Vårsøg” i nytt opplag. Og - så, sjølvsagt ”Ord te gagns” – bok og CD om surndalsmålet: Det som i utgangspunktet var å digitalisere og systematisere 5000 handskrivne ordsetlar etter Bjarne Østbø, vart etter kvart utvida med stoff frå Gunnvor Dønnem og Randi Skrøvset Hatle m.fl. som til slutt vart ei flott bok med ord og utrykk frå Surnadal.

2013

Randi Lysø



Randi Lysø Foto Tor Helge Solli, Tidens Krav

Kleivaprisvinnaren dette året, Randi Lysø, har i fleire tiår, sidan rundt 1980, vore ei drivande kraft i husflidsarbeidet i Surnadal: «Det kan trygt seiast at Randi Lysø er ei som ikkje er ute etter å vise seg fram med innsatsen ho gjer og kunnskapane ho har. Men ho har vore og er ei svært solid dame som har gjort ein trufast og stor innsats på eit tradisjonelt kvinnedominert område – men som er svært viktig for oss alle. Surnadal Husflidslag er eitt av dei største og mest aktive husflidslaga i fylket, med jamt over 100 medlemmar, og med stor aktivitet både for barn og vaksne. Laget tek vare på kunnskap om tradisjonelle husflidsteknikkar og - produkt, og arbeider aktivt for at kunnskapen skal leve vidare inn i framtida. Laget held årleg ei rekke kurs, t.d. i strikking, saum, veving og skinnfellarbeid, og i lokala sine på Nymoen arrangerer husflidslaget vår og haust arbeidsstove for barn. Årvisst blir det også arrangert messer, husflidsdagar og liknande. Randi Lysø har i svært mange år vore styreleiar i laget, og slik sett vore ein nøkkelperson som pådrivar og organisator. I tillegg har ho vore mykje brukt som fagleg ressursperson, som kurshaldar og inspirator. Den faglege kunnskapen hennar har også kome til uttrykk m.a. i boka "Nordmørssøm – i ny og gammel drakt", der Randi Lysø var medredaktør.»

2014

Svanhild Husby



Svanhild Husby Foto: Ole Trygve Fosseide, Trollheimsporten

Svanhild Husby er mellom dei yngste som har fått Kleivaprisen, men ... «...har allereie gjennom mange år vore ein aktiv kulturpersonlegdom i Surnadal. Mellom anna som vokalist, skodespelar, instruktør og tekst- og songskrivar. Forslagsstillaren skreiv om vedkomande: dette er "ei eldsjel som uredd og med stort engasjement er sterkt medverkande til det aktive og kvalitetssterke kulturlivet i kommunen". Kleivaprisvinnaren er eit oppkomme av idear og figurar og dreg i gang mange prosjekt sjølv, ho er også instruktør for dei yngre, og er aktivt med på revysuksessane til Svarrabærje Teaterlag. Ho har

samarbeidd med fleire andre kulturpersonlegdomar på Nordmøre. Ho er både «hulder» og «humle» og «Kvinnfolk på kanten». Ho har i mange år hatt eit sterkt forhold til Jørgen Gravvold sine tekstar, og ho har delt denne gleda med oss, publikum, gjennom fleire forestillingar med fokus på desse tekstane.»

2015

Fredrik Sjøflot



Fredrik Sjøflot Foto: Tor Helge Solli, Tidens Krav

Fredrik Sjøflot var ein populær kleivaprisvinnar i 2015. Her kjem eit utdrag frå forslagsstillauren si fremjing av kandidaturet: «Vil med dette koma med forslag om at Fredrik Sjøflot f. 1928 blir tildelt Kleivaprisen for sin store og allsidige innsats som musikar i over 60 år. Han har til alle tider stilt velvillig opp når det har vori behov for ein dyktig musikar, eller i andre samanhengar der det var nok at han kunne gle andre med musikken sin. Det nyttar ikkje å ramse opp alle samanhengar han har stilt opp som musikar i over 60 år. Mest kjent i dag er innsatsen han gjer på pensjonistmøter, og kvar fredag hos "Eldre hjelper eldre",

der han så og seia utan fråvær har vori fast musikar sidan dei starta samlingane sine på Kulturhuset i 2002. Han har og lagt ned ein betydeleg innsats i teatersamanheng. Utanom dette har han stilt opp i alle mulege tenkelege og utenkelege samanhengar med klarinetten, blokkfløyta og den sjølvlagda seljefløyta si. At han og beherskar gitaren er vel ikkje så offentleg godt kjent. Han har aldri kravd betaling for speleoppdrag. For han har det vori lön nok at han har lykkast med framføringa og at folk har gledd seg over musikken hans. Størst innsats har han gjort i Surnadal Hormusikk der han trass sin høge alder fortsatt er aktiv støttespelar. Hans musikkteoretiske kunnskapar er imponerande og overgår ofte det som ein finn hos profesjonelle musikkarar. Fredrik Sjøflot er det beste eksempelet på ein amatør, (som tyder å gjera noko for at ein elskar å gjera det ein gjer) i motsetnad til ein profesjonell (som gjer noko med det formål å tjena på det ein gjer)».

2016

Lars Steinar Ansnes, Erling Myrbostad og Torbjørn Polden



Torbjørn Polden, Erling Myrbostad og Lars Steinar Ansnes foto Geir Forbregd, Driva

Prisen vart delt mellom tre forfattarar som hadde samarbeidd om fleire lokalhistoriske bøker: Lars Steinar Ansnes, Erling Myrbostad og Torbjørn Polden. Dei vart introdusert slik under utdelinga: «*Kulturelle og lokalhistoriske føremål innanfor kommunen*» – står det i vedtekten til Kleivaprisen. Årets kleivaprisvinnar må seiast å passe godt inn i føremålet, her er lokalhistoria blitt teke godt vare på. Det heile starta på ein parkeringsplass inni Kvenndalen ein haustdag i 2007. Og den første boka vart ferdig og trykt i 2010. Prisvinnarane krumma nakken og gjekk i gang med ei ny bok ikkje lenge etter. Nye timer, mange timer med innsamling av stoff, bilde og intervju,

vart brukta, – og – så, kjem skrivinga i tillegg! Kleivastyret meiner at dette er eit viktig og riktig prosjekt, til rett tid. Dette er dokumentasjon frå vår nære fortid. Dei som har opplevd tida og aktivitetane, eller som berre har hørt historia vorte fortalt, av dei som kom før oss, dei held på å bli gamle. Skulle stoffet bergast til nye generasjonar, slik at vi ikkje blir historielause i vår eiga tid, var det viktig at ideen vart sett ut i livet. Det er med andre ord, ei solid dose lokalhistorie i begge bøkene, eg talar sjølvsagt om bøkene: «**Kvenndalen med Kvennbøtæla og Engjamarka, Historia - kulturlandskapet -folket**», frå 2010 og «**Søyådalsboka**», med undertittelen «*Utmarkshistorie frå Eidet*» som så treffande vart lansert under Vårsøghelga i fjor. Kleivaprisen blir i år tildelt for desse bøkene og arbeidet med innsamling av stoff, bilde og intervju, alt dette i Hans Hyldbakk si ånd.»

2017

Einar Sødergren



Einar Sødergren saman med medlemmer av hornmusikken Foto: Mari Vattøy, Trollheimsporten

Einar Sødergren fekk prisen i 2017; ei tildeling som vart grunngjeve slik: «Årets kleivaprisvinnar blir kalle for eit multitalent og har lagt ned ein enorm innsats innan kulturlivet i Surnadal, gjennom mange år. Med sin musicalitet utover det vanlege, har kleivaprisvinnaren bidrige med kunnskap og positiv innstilling i mange forestillingar, både som musikar på ulike instrument og som dirigent. Han set krav om kvalitet og høg standard i sitt virke innanfor kulturlivet. Kleivaprisvinnaren kan virke som ein stille og beskjeden mann – utanfor scena, men blir eit fyrverkeri når han handterer kor, korps og solistar samtidig. Kleivaprisvinnaren har hatt ei sentral rolle i mange suksessforestillingar, mellom anna i My Fair Lady, Sommer i Tyrol, Bør Børson, cABBAret og Huldredans. For tre år sidan, tok han initiativ til den første storforestillinga med korps, kor og band, – basert på film- og musicalperler, og no i vår vart det atter ei suksessforestilling etter denne oppskrifta.»

2018

Else Brandvoll Andresen



Else Brandvoll Andresen Foto Eva Synnøve Rønning, Trollheimsporten

